



Vår saksbehandlar
Turid Måseide – tlf 57 65 55 16
E-post: tbm@fmsf.no

Vår dato
30.03.2005

Vår referanse
2004/7766 - 730

Helse- og omsorgsdepartementet
Postboks 8011 Dep
0030 OSLO

Dykkar dato		Dykkar referanse	
Helse- og omsorgsdepartementet			
Saksnr.:	200405135	Dok.nr.:	101
Arkivkode:	520	Journ.dato:	040405
Avd.:	KTA - STE	Saksbeh.:	KOH
U.off.:			

NOU 2004:18 - Helhet og plan i sosial- og helsetjenestene - Høyringsuttale

Vi syner til høyringsbrev frå Departementet 30. november 2004, med frist for uttale 1. april 2005. Fylkesmannen og Helsetilsynet i Sogn og Fjordane vil med dette komme med ein felles høyringsuttale.

Generelle merknader

Vi er samde med utvalet i at det er eit overordna mål at regelverket og forvaltninga skal verte enklare. Det er viktig for rettstryggleiken at vurderingstema og beslutningsprosess er oversiktleg både for tenestemottakarar og dei som skal forvalte regelverket.

I lovutkastet er kommunehelsetenester negativt definerte, sjå lovutkastet § 2-2 nr 2: ”*sosial- og helsetjenester som ikkje høyrer inn under stat eller fylkeskommune*”.

Når det gjeld rettar og pliktar etter lova, er dette i lovutkastet i liten grad konkretisert. Kravet til tenestene er at dei skal vere ”*faglig forsvarlige når det gjelder innhald og omfang*”, jf lovutkastet § 2-4, og tjenestemottaker skal ha ”*rett til nødvendig hjelp*” ”*herunder*”, jf lovutkastet § 3-1.

Bruk av negative definisjonar og rettslege standardar kan gjere det vanskeleg å lese ut av lova kva rettar tenestemottakar har, og kven som pliktar å oppfylle desse rettane. Dette kan føre til at tenestemottakarar ikkje får den hjelpa dei treng, eller ikkje får hjelp til rett tid. Det kan og gjere det vanskeleg å sikre likebehandling og likeverdige tenestetilbod.

Merknader til lovutkastet

Krav til forsvarlege sosial- og helsetenester

Kommunen har etter kommunehelsetenestelova § 1-3, både pliktige oppgåver og pliktige deltenester. Av omsyn til den lokale handlefridomen, seier den nye lova ikkje noko om korleis tenestene skal vere organiserte. I lovutkastet er det ikkje lenger krav om bestemte deltenester, det vert synt til forsvarlegkravet som er presisert i lovutkastet § 2-4.

Når det gjeld kva ein kan vente av helsetenester i kommunen, meiner vi det er uheldig om den nye lova vert mindre detaljert enn den noverande. På dette punktet kan vi ikkje sjå at det er ønskjeleg at forsvarlegstandardendrar seg raskare enn at lovgjevar kan vurdere behovet for lovendring.

Av omsyn til at lova skal vere føreseieleg, og av omsyn til prinsippa om likebehandling og likeverdige tenester, meiner vi det vil vere nødvendig at det anten i lova eller i forskrifter til denne vert gitt meir detaljerte reglar om dei tenestene lova omfattar. Dersom ein vel å forskriftsregulere dette, må forskriftene tre i kraft samstundes med lova.

Sakshandsaming etter forvaltningslova

Når det gjeld helsetenester, meiner vi at både utgreiinga og lovutkastet er uklare med omsyn til når forvaltningslova skal gjelde. Vi meiner det er behov for å klargjere kva avgjerder som vert rekna som enkeltvedtak etter forvaltningslova § 2, 1.ledd, bokstav b, jf a.

Klagesakshandsaming

Vi støttar fleirtalet i utvalet i at klageinstansen må ha full overprøvsingsrett, jf lovutkastet § 4-6 nr 4.

Når det gjeld framlegget om 4-vekers regelen, jf lovutkastet § 4-6 nr 3, siste punktum, er vi ikkje trygge på at sakshandsamingstida vil gå ned som følgje av at det vert innført ein slik regel. Vi meiner vi det er uheldig om klagesakene kjem uførebuode til klageinstansen. Ein sakshandsamingsfeil som ofte fører til oppheving av vedtak, er at saka ikkje er tilstrekkeleg utgreidd før vedtaket vert gjort.

Særleg uheldig vil det vere om klageinstansen berre har avgrensa mynde med omsyn til overprøving av sakene, då vi fryktar at dette vil kunne dryge sakshandsamingstida i desse sakene ytterlegare.

Vi ser heller ikkje korleis ein skal sikre at sakene vert sende over etter 4 veker. Vi meiner det vil vere meir tenleg med ein regel om at kommunen innan fire veker pliktar å ta stilling til klagen.

Oppsummering

- Vi meiner det av omsyn til at lova skal vere føreseieleg, og av omsyn til prinsippa om likebehandling og likeverdige tenester, er behov for ei meir detaljert regulering av dei tenestene lova omfattar, jf lovutkastet § 2-3.
- Vi meiner det både av omsyn til tenestemottakar og dei som skal forvalte lova, er behov for å klargjere når forvaltningslova skal gjelde ved tildeling av helsetenester, jf lovutkastet § 4-4.
- Vi meiner klageinstansen må ha full overprøvsingsrett.
- Vi støttar ikkje framlegget om 4-vekers regelen, jf lovutkastet 4-6 nr 6. Vi meiner det vil vere meir tenleg med ein regel om at kommunen innan fire veker pliktar å ta stilling til klagen.

Med helsing

Anne Karin Hamne
for Oddvar Flæte

Petter Øgar
Petter Øgar
fylkeslege

Kopi: Statens helsetilsyn, Pb 8128 Dep, 0032 Oslo